



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 19.11.2015 kl. 00:00 (e-posthandsaming)
Stad: ASKVOLL

Medlemmer som har svart:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Anne Grethe Lien	Nestleiar
Linda Karin Solheim	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Inger Lise Saltskår	Medlem
Jostein Takle	Medlem
Jorun Ringstad	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem

Saker handsama pr. e-post:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
FR 2015/60		Brannsikring Vilnes kyrkje. Igangsetting av prosjekt.	RUNE ZIENER

Askvoll, 26.11.2015

Rune Ziener
kyrkjeverje

FR 2015/60 Brannsikring Vilnes kyrkje. Igangsetting av prosjekt.

UTGREIING

I økonomiplan for 2016 er det lagt inn investeringsprosjekt for brannsikring (varslingsanlegg og automatisk slokkingsanlegg) av Vilnes kyrkje med kostnadsramme 1.000.000,- pluss MVA. Etter planen skal budsjettvedtak fattes i soknerådet i møte den 14. januar 2016.

Kyrkjeverja vart 18.11.2015 kontakta av Riksantikvaren i høve sikring av Vilnes kyrkje. Eksisterande varslingsanlegg på kyrkja har i fleire år vore utkopla p.g.a. feilmeldingar. Riksantikvaren sette fram eit munnleg pålegg om lukking av avviket, og ba om skriftleg rapport om korleis dette ville verte følgt opp.

Riksantikvaren vart orientert om at soknet hadde brannsikringstiltak i neste års økonomiplan, men sa at det vart kravd strakstiltak, t.d. ei mellombels løysing med eit enkelt varslingsanlegg.

Kyrkjeverja sette fram alternativ plan, at ein i staden startar opp prosjektering av tiltaket no, i staden for å vente til budsjettvedtak ligg føre, med atterhald om finansiering i tilbodsinnhentinga. Dette for å unngå ei mellombels anskaffing av eit ikkje-optimalt anlegg. Realisering av tiltaket vil uansett ta tid, i og med at sokneråd, biskopen og Riksantikvaren er involvert i godkjenningsprosessen.

Riksantikvaren ga tilbakemelding om at dette er ei tilfredsstillande løysing.

INNSTILLING

1. Kyrkjeverja får fullmakt til å setje i gang prosjekteringsarbeidet om brannsikring av Vilnes kyrkje med realisering i neste års budsjett.

MØTEHANDSAMING

11 medlemmer har gitt positiv tilbakemelding på innstillinga i saka.

VEDTAK

1. Kyrkjeverja får fullmakt til å setje i gang prosjekteringsarbeidet om brannsikring av Vilnes kyrkje med realisering i neste års budsjett.